



Krav om heilårig minstevassføring i Finså

LØPENR/SAKSNR: 13797/2020-2015/468	SAKSBEHANDLER: Sven Sandvik	DATO: 30.09.2020
UTV.SAKSNR: 20/97 20/88	UTVALG: Utvalg for teknikk, landbruk og miljø Kommunestyret	MØTEDATO: 13.10.2020 15.10.2020

Bakgrunn

Sirdal kommune fremja krav om revisjon av konsesjonsvilkåra for Finsåutbygginga den 29.06.2011. Vedtak om opning av revisjonssak vart fatta av NVE den 05.03.2013.

Hovudføremålet med revisjonen er å betre miljø- og naturforholda ved å avbøte ulemper og negative verknader av utbygginga.

Agder Energi Vannkraft AS har utarbeidd eit revisjonsdokument som nyleg er sendt til NVE. Revisjonsdokumentet er ikkje lagt ut på formell høyring endå, men Agder Energi har gjeve Sirdal kommune kopi av dokumentet til intern bruk før offentleggjeringa.

Revisjonsdokumentet var oppe til diskusjon i kommunen si politiske arbeidsgruppe for prosjekter den 10.09.2020. I møtoreferatet står det følgjande:

-Vilkårsrevisjon Finsåvassdraget.

Revisjonsnotat sendt NVE fra AE er oversendt prosjektgruppas medlemmer.

Minstevannsføring i Finså viktigste krav fra kommunens side.

LAF bestiller kortfattet sak til TLM-utvalget, videresendes NVE via kommunestyret.

Kravet tar utgangspunkt i alminnelig lavvannsføring før regulering, i Espetveit nedstrøms samkom av Finså og elv fra Nespervatn.

Akseptabelt at minstevannsføring kan tappes fra tverrslag nedstrøms Bjørnestadvannet.

Innspill til NVE må prioriteres.

Utvalsleiar TLM har med bakgrunn i dette bede rådmannen fremje ei kortfatta sak med krav om heilårig minstevassføring i Finså basert på alminneleg lågvassføring før regulering, målt etter samløp med Sagåni.

Vurdering

Rådmannen oppfattar at føremålet med saka er å gi NVE og Agder Energi eit tidleg varsel om at minstevassføringa som er foreslått for Finså ikkje er akseptabel for kommunen.

I revisjonsdokumentet er det – i tillegg til fysiske tiltak i Finså – foreslått eit prøveprogram der ein i samarbeid med kommunen slepp inntil 50 l/s frå tverrslagstunnellen ved Timreknollen i perioden 15. juni til 1. september. Dette under føresetnad av at det vert gitt

konsesjon for utviding av slukeevna til Finså kraftverk. Om det ikkje vert gitt konsesjon, er det ikkje foreslått slepp av vatn i Finså.



Kartet syner mogelege sleppunkt for minstevassføring og politisk arbeidsgruppe sitt forslag til målepunkt for alminneleg lågvassføring

I revisjonsprosessen knytt til Sira-Kvina utbygginga har Sirdal kommune hatt ei kunnskapsbasert tilnærming der målet har vore å sleppe rett mengde vatn, til rett tid og på rett stad for å maksimere nytten for miljø, landskap og samfunnsinteresser. I dette ligg det ei erkjenning av produksjonsvatnet sin verdi for miljø og samfunn og eit ønske om å vera viss på at vatnet ein slepp kjem til nytte.

Så langt rådmannen kan sjå, er det for Finså ikkje gjort nærare utgreiingar av kva ein får att i form av nytte for miljø, landskap og samfunnsinteresser ved slepp av ulike vassmengder, eller ved ulike regime for slepp av vatn. I hovudrapporten for Finså, nr. 14 – 2013, legg Terrateknikk til grunn at ei fornuftig tilnærming for å redusere skader frå vasskraftutbygginga og auke flatelv-partia sin verdi for landskap og biologi, må omfatte ein auke i vassføring. Terrateknikk antyder at det kan forventast pålegg om slepp av +/- 500 l/s, men slår samstundes fast at dette kan gå ut over mogelegheita for ferdsel i fosseløpa. Av omsyn til produksjonsgrunnlaget og moglegheitene for juv- og elve-vandring, tilrår Terrateknikk ei avgrensa minstevassføring kombinert med fysiske tiltak i elva. Ein går ikkje nærare inn på minstevassføringa sin storleik.

Moglegheita for ferdsel i fosseløpa bør etter rådmannen sitt syn ikkje vektleggast særleg tungt. Så langt rådmannen kjenner til, er det ikkje noko ferdsel av nemneverdig tyding i elveløpet.

I tillegg til behovet for å betre miljø- og naturforhold, er det knytt ulike samfunnsinteresser til det å ha ei viss heilårig vassføring i Finså. Om det vert brann kan ein ha behov for slökkjvatn, i tørkesituasjonar kan ein ha behov for vatn til vatning av jordbruksareal, og om vinteren er det behov for vatn (i flytande form) til produksjon av kunstsno på Feed skiarena. Sistnemnte er eit regionalt konkurranseanlegg for langrenn og skiskyting.

Konklusjon

Inntil det føreligg kunnskap som tilseier noko anna, meiner rådmannen det er rimeleg å legge til grunn alminneleg lågvassføring. Dette bør gjerast uavhengig av om slukeevna til Finså kraftverk vert utvida, eller ikkje.

Forslag til vedtak

Sirdal kommune krev at det vert stilt vilkår om heilårig minstevassføring i Finså basert på alminneleg lågvassføring før regulering, målt etter samløp med Sagåni. Kravet gjeld uavhengig av spørsmålet om konsesjon for utviding av slukeevna til Finså kraftverk.

Saksprotokoll i Utvalg for teknikk, landbruk og miljø - 13.10.2020 PS 20/97

Behandling

Reidun B. Haugdom (Krf) fremmer et alternativt forslag til vedtak:

Sirdal kommune krev at det vert stilt vilkår om heilårig minstevassføring i Finså og Hemså basert på alminneleg lågvassføring før regulering.

Finså måles etter samløp med Sagåni, og Hemså før samløp med Steiebekken.

Kravet gjeld uavhengig av spørsmålet om konsesjon for utviding av slukeevna til Finså kraftverk.

Votering

Rådmannens innstilling ble tilrådt med 5 (2SP, 2H, Frp/SL) mot 2 (Krf. AP) stemmer.

Tilråding fra utvalg for teknikk, landbruk og miljø

Sirdal kommune krev at det vert stilt vilkår om heilårig minstevassføring i Finså basert på alminneleg lågvassføring før regulering, målt etter samløp med Sagåni. Kravet gjeld uavhengig av spørsmålet om konsesjon for utviding av slukeevna til Finså kraftverk.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 15.10.2020 – PS 20/88

Behandling

Per Øyvind Grimsby V var inhabil og fratrådte. Ingen vararepresentant møtte i saken.

Forslag fra Rolf Marthon Hompland Krf:

Sirdal kommune krev at det vert stilt vilkår om heilårig minstevassføring i Finså og Hemså basert på alminneleg lågvassføring før regulering.

Finså måles etter samløp med Sagåni, og Hemså før samløp med Steiebekken.

Kravet gjeld uavhengig av spørsmålet om konsesjon for utviding av slukeevna til Finså kraftverk.

Votering

Utvalg for teknikk, landbruk og miljøes innstilling ble vedtatt med 14 mot 4 (SP2,Krf2)stemmer. Det var 18 stemte i saken.

Vedtak

Sirdal kommune krev at det vert stilt vilkår om heilårig minstevassføring i Finså basert på alminneleg lågvassføring før regulering, målt etter samløp med Sagåni. Kravet gjeld uavhengig av spørsmålet om konsesjon for utviding av slukeevna til Finså kraftverk.

Inge Hedenstad Stangeland
Rådmann

Sven Sandvik
Plan- og miljøkonsulent